

Nr. 5 - november 2023

# Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet  
i samarbeid med Masfjorden kommune



# GUDSTENESTER

## 3.desember

Fjon fjellkyrkje kl.11:00

Familiegudsteneste v/Torbjørn Sæle, Tina Meland

Lønnebakken og Ingrid Helene Raunehaug

Deltakarane på «Lys våken» er med

Nattverd. Kyrkjekaffi

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

## Julekonsertar: Dei tradisjonelle julekonsertane med kor, korps, solistar og andakt

Laurdag 9.des. kl. 17:00 Sandnes kyrkje

Søndag 10.des. kl. 15.00 Frøyset kyrkje

Søndag 10.des. kl. 18:00 Solheim kyrkje

Tysdag 12.des. kl. 17:00 Masfjorden sjukeheim

## 17.desember

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

Nattverd. Kyrkjekaffi

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

## 17.desember

Granneheimen kl. 18:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

Nattverd. Førjulskvelds etter gudstenesta.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

## Julaftan, 24.desember

Masfjorden sjukeheim kl. 12:00

Frøyset kyrkje kl. 14:00

Solheim kyrkje kl. 16:00

Julegudsteneste v/Torbjørn Sæle og Ove I. B. Danielsen

Song og musikkinnslag. Takkoffer til Blå Kors i Norge

## 1.juledag, 25.desember

Sandnes kyrkje kl. 12:00

Høgtidsgudsteneste v/ Torbjørn Sæle og

Boris Kuprijanov

Korpsmusikantar

Nattverd. Kyrkjekaffi. Takkoffer til Blå kors i Norge

## 2024:

## 14.januar

Frøyset kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

Nattverd. Kyrkjekaffi Takkoffer til Søndagskolen Norge

## 21.januar

Sandnes kyrkje kl.18:00

Lysmesse med alle konfirmantane

v/Torbjørn Sæle, Ingrid Helene Raunehaug og

Boris Kuprijanov

Takkoffer til Søndagsskolen Norge

## 14.februar

Solheim kyrkje kl.11:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle og Boris Kuprijanov

Nattverd. Kyrkjekaffi.

Takkoffer til Søndagsskolen Norge

Det kan kome endringar. Oppdatert informasjon om gudstenestene i Masfjorden finn du i kalenderen på nettsida vår: [www.masfjorden.kyrkja.no](http://www.masfjorden.kyrkja.no).



# DØYPTE

Sandnes kyrkje:

24.09.23 Ulrik Strand Andvik

Foreldre: Lillian Andvik og Jon Kjetil Strand

24.09.23 Johannes Kvingedal

Foreldre: Pia Yvonne Jakobsen og

Jan Ove Tepstad Kvingedal

Frøyset kyrkje:

04.11.23 Magnus Aasen Børnes

Foreldre: Siv Annie Aasen og Morten Midtbø Børnes

*Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har foreldre og fadrar fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve å be og hjelpe dei til å bruca Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.*

# VIGDE

04.11.23 Frøyset kyrkje

Siv Annie Aasen og Morten Midtbø Børnes

*Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og onde dagar set si lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige livet.*

# DØDSFALL

15.09.23 Helga Brügger Havnegjerde, f. 1935

23.09.23 Lars Magne Kvamme, f. 1950

30.09.23 Atle Sæthre, f. 1948

21.10.23 Marion Kristine Bartlett, f. 1942

23.10.23 Erna Kvinge, f. 1934

27.10.23 Harald Hatlevik, f. 1947

06.11.23 Harald Arnold Matre, f. 1946

*Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så dør. Og kvar den som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.*

Framside: Frøyset kyrkje


Foto: Torbjørn Sæle



# BARNAS

## Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



9 • • 8  
10 • • 7  
11 • • 6

## Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesusbarnet.



## Vits


– Kan eg få ein hund til jul, pappa?  
– Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

Fargellegg!



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

## Finn fem feil!




Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Gje barnebladet  
**Barnas** til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene er  
henta fra bladet.

Bestill abonnement  
på sondagsskolen.no  
eller 22 08 71 00



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca



Sondagsskolen - mer enn du tror

# EI STRIME AV VON

Av biskop Ragnhild Jepsen

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att. Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtidia bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime.



Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljós i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørge, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram. Det sårbare barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.



# JULENATT



*Du kom o Herre  
til oss ned  
ei julenatt  
med stille fred*

*Så mørk var verda -  
vinterkald  
Men englar song  
frå himmelhall*

*For ljós vart natta  
då du kom  
med ljós  
til våre hjarterom*

*Å lys opp vegen  
me skal gå  
så alle kan  
di frelse sjå*

*Diktet er skrive av Lillian Kvinge*

## BARNEHAGEBESØK OG SKULEGUDSTENESTERFØR JUL

I adventstida får barnehagane besøk av trusopplærar Tina Meland Lønnebakken og sokneprest Torbjørn Sæle. Her får barna vera med på ei julevandring som tar for seg bibelforteljinga om vandringa Maria og Josef gjorde på vegen til Betlehem der Jesus skulle bli født.

Dei tradisjonelle skulegudstenestene vert gjennomført i samarbeid med skulane og med ulike elevbidrag. Skulegudstenestene skjer desse dagane:

**Torsdag 14. desember kl. 9 i Sandnes kyrkje  
Fredag 15. desember kl. 9 i Frøyset kyrkje  
Tysdag 19. desember kl. 9 på Matre skule**

*Tekst: Torbjørn Sæle  
Foto: Grethe Brekken Oppedal*



# EIT BARN ER FØDD

**Familien på åtte bur i ein skiten kjellar på niande året etter at dei flykta frå Syria til Libanon. Åtte år gamle Mohamad har alle odds mot seg.**

I det vi går inn i den nedslitte bygarden, byrjar vi å gå opp trappene, men blir fort bedne om å snu for å gå ned. Nedover og nedover. Forbi søppelrom, lagerrom og nærmare og nærmare lukta av kjellar.

Til slutt stoppar vi nedst, der det for det meste er buer, noko tøy som heng til tørk og stablar av ting ingen andre treng. Mora trekkjer ei fillete gardin til sida, og viser oss inn på eit rom med tre madrassar. Her bur dei alle saman. Mor, far og seks søsken. Her enda flukta frå Syria og draumen om eit nytt liv etter krigen.

## Støtte til mor og barn

I ni år har familien kome til helsecenteret vi i Kirkens Nødhjelp driv saman med partnarane våre, vi tok oss av mora då ho ikkje greidde å betale for seg på butikken. På helsecenteret har barna fått tett oppfølging, i tillegg til både vaksinar og medisinar.

– Livet er hardt, seier mora stille. Ho ønskjer å vere anonym. Slik dei bur er for skamfullt for henne å vise fram.

Helsecenteret har støtta mora gjennom fødslane, men også sytt for at dei har fått pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar.

– Vi hadde ikkje greidd oss utan, seier ho.

Familien på åtte er berre ein av mange familiar som slit i Libanon no. Prisane på mat har mangedobra seg, det offentlege tenestetilbodet har kollapsa, folk har mista sparepengane sine og fattigdomen aukar fort. Kjønnsbasert vald har auka med 300 prosent, og vassmangelen er enorm. Landet er også hardt råka av Ukrainakrigen. I Libanon er det no ei femdobling av bensinprisane, firedobling av prisen på matolje og firedobling av prisane på brød og sukker sidan Ukraina-krigen braut ut.

I over år 20 har Kirkens Nødhjelp drive helsecenter her, og Fady Iskandar, som er prest og samarbeidspartner, seier at situasjonen for menneska her har forverra seg berre dei siste åra. Vi har ikkje sett byrjinga ein gong, problema har berre blitt større og større. Valden aukar, fattigdomen aukar og mange slit, seier han.

Kyrkja ligg rett over gata for helsestasjonen, og er syrisk-ortodoks. St. Jacob er kjend for å ta imot minoritetar frå Syria, Irak og fattige frå Libanon.

– Vi vil diverre berre sjå fleire problem i framtida.

Aldri før har det vore viktigare at kyrkja og helsecenteret står saman. Kyrkja ser kven som har det ekstra tøft, og viser dei til helsecenteret, slik at dei får hjelpt der nøda er størst.

Vi skal snart feire jul og minnest den natta spedbarnet, Jesus, vart fødd inn i ei verd med konflikt, fattigdom og nød. Men sjølv om verda rundt var kaotisk, så var han trygt omringa av sine nærmaste. Mohamad er eit av dei barna som er omringa av sine nærmaste, sjølv om han vart fødd inn i den same verda som Jesus. Ei verd med konflikt, fattigdom og nød.

Oppdraget vårt er å hjelpe barn som Mohamad og liknande familiar. Saman med deg kan vi gje endå fleire barn og deira mødrer tilgang til hjelp under fødsel, vaksinar, pengar til mat, klede, bleier og hygieneartiklar



## SLIK GJEV DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGAVE:

Ei gave til Kirkens Nødhjelp:  
Vipps eit valfritt beløp til 2426.

- Send GAVE på sms til 2426 og gje 300 kroner.  
Gåvekonto: 1594.22.87248

Tekst og foto: Kirkens Nødhjelp

# SLO SAMAN DÅP OG BRYLLAUP



Brudeparet Siv og Morten saman med barna Martine, Linnea, Kristine og Magnus

**Siv Annie Aasen og Morten Midtbø Børnes har kjent kvarandre sidan 2012 og er foreldre til fire. Då minstemann Magnus skulle døypast, kom spørsmålet om dåpen også kunne kombinerast med ein hemmeleg vigsel i Frøyset kyrkje. 4. november var det tid for avsløra dei hemmelege planane.**

## *Kva gjorde at de ville ha dåp og vigsel på same dag?*

- Me tenkte det var ein fin anledning å kunne samle alle til ei overrasking. Og sidan tidlegare planar om bryllaup hadde vorte utsett, følte me det var ei grei løysing, seier Siv og Morten, som i fleire månader held bryllaupsplanane hemmeleg for gjestane dei inviterte til dåp.
- Det var litt krevjande, men mest spennande. Med hjelp av forlovarane og ei alliert søster til Morten gjekk det fint.

## *Fortel litt om dagen, korleis var den?*

- Dagen var veldig fin og alt gjekk som planlagt, veldig fint og naturleg mellom bryllaup og dåp. Utruleg kjekt å sjå kor overraska gjestane blei. Me hadde middagen hjå Frøyset gardsmat og det var verkeleg å anbefale. Det gjorde det også lettare å

skjule overraskinga, seier dei nygifte. I kyrkja var fleire av ungane framme og song med bevegelsar dei hadde øvd på.

– Veldig kjekt at ungane kunne delta aktivt gjennom begge delar, og at salmane var tilpassa dei.

## *Kva er bra med å gjera det på denne måten?*

– Overraskinga til gjestane, ansiktsuttrykka og dei improviserte talane. Og det blei veldig nært og fint å kunne vere saman i kyrkja med dei næreste.

– Me synest det var ein fin måte å gjere det på, spesielt gøy med overraskinga. Me kan anbefale dette til folk som tenker på det same, avsluttar dei.

Så skulle du gå med meir eller mindre hemmelege dåps- og/eller bryllaupsplanar, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret!

Tekst: Torbjørn Sæle

Foto: Privat

# NÅR KYRKJA KJEM TIL SJUKEHEIMEN



Om lag annakvar torsdag kl. 12 er det først andakt på arbeidsstova og så songstund på nystova på Masfjorden sjukeheim. Frå kyrkjestaben møter sokneprest og organist til desse samlingane som er opne for bebuarar, besøkjande og andre interesserte.

På sjukeheimen er det stor songglede med den stemma ein har, det er lyttande øyrer, takknemlege hjarte, strikkande hender og falda hender.

Og alltid ein kaffikopp med noko godt attåt, og god prat rundt borda der det vert sagt: "Det er fint at kyrkja kjem til oss når ikkje vi kjem oss til kyrkja."

Tekst og foto:  
Torbjørn Sæle, sokneprest

## LYS VÅKEN

No nærmar me oss desember månad, og adventstida byrjar snart. Då kan ein ofte sjå at ein elles så mørk månad blir fylt med lys. Det betyr også at det er snart tid for årets Lys våken. Her samlast de som er eller fyller 10, 11 og 12 år i år for ei overnatting i kyrkja. Det kan vera godt å samlast og vera med kvarandre, og få verta betre kjent med kyrkja. I år inviterer me for fyrste gong til Lys Våken-leir på Fjon fjellkyrkje som har adresse Indre Haugsdal 75. Lys Våken er fra laurdag 2.desember kl. 16:00 til sundag 3. desember kl. 12:15.

Lys Våken handlar ikkje om at me skal vera våken heile natta, men heller vera vakne for det som er rundt oss. Vera vakne for mennese rundt oss, oss sjølve og Gud. Me skal også verta betre kjent med kyrkja, og ha fokus på lys. Me kjem til å ha eit opplegg der me skal ha leiker, gudstenesteførebuing og oppgåver som skal verta løyst. Det vert også julefilm, songar, og me skal eta god mat saman.

På sundagen 3. desember kl. 11:00 skal me ha ei familiegudsteneste på Fjon fjellkyrkje, og her er alle velkomne. Lys Våken-deltakarane er også med på gudstenesta. Denne gudstenesta var først planlagt i Solheim kyrkje, men er altså flytta til fjellkyrkja.

For å kunne arrangere Lys Våken treng me hjelp. Me treng frivillige som kan lage mat, dekke på bordet, rydda, registrera og ikkje minst vera til stades for deltakarane. Kanskje du har lyst å vera frivillig? Ta kontakt med trusopplærar Tina Meland Lønnebakken.

Medlemer i dei aktuelle årskulla skal ha fått brev med meir informasjon om arrangementet. Me vil minna på at kyrkja berre har høve til å sende ut invitasjon til dei som er medlem i kyrkja, eller som er abonnentar på trusopplæringstiltak. Men alle som er eller fyller 10,11 eller 12 år er hjarteleg velkommen, så kjenner du nokon som har lyst å vera med, så er det berre å ta kontakt. Påmelding skjer via nettsida [masfjorden.kyrkja.no](http://masfjorden.kyrkja.no) fram til 27. november.

Tekst: Tina Meland Lønnebakken

# MIN SALME

På julegudstenestene finn me fram til songane fremst i salmeboka vår. Og eg er glad i både mange av dei gamle salmane og dei nyare songane.

Som mangeårig kordirigent har me ofte byrja å øve på julesongane fleire månader før jul, og me har hatt konsertar både åleine og med artistar som er på juleturné. I barndomsheimen min i Indre Haugsdal vaks eg opp med at me song julesalmar ved julemåltidet. Då måtte bl.a. oldefar sin julesong «Sæle jolekveld» syngast. Og i kyrkja blir eg ofte rørt når me avsluttar ståande med «Deilig er jorden».

Men når eg skal velja min julesalme må det bli «**En stjerne skinner i natt**». Denne songen kom i 1992 med Oslo Gospel Choir. Melodien er laga av dirigenten Tore W. Aas og teksten er skiven av

Eyvind Skeie. Songen er utgjeven på fleire av Oslo Gospel Choir sine juleplater. Eg høyrde mykje på dei på den tida, og eg har brukt denne songen i både ungdomskoret eg dirigerte i mange år, og gospelkoret for vaksne som eg no dirigerer. Mange andre lokalkor har nok også sunge denne, og songen er og utgjeven med andre artistar i desse 31 åra sidan den vart skrive.

Då den nye, rauda salmeboka vår kom ut i 2013 var eg glad for å sjå at denne songen var tatt med der på nummer 68. Slik kan fleire få vere med å synge denne fine julesongen. I salmeboka har den tittel etter første linje: «*Nå er den hellige time*». Når eg syng denne salmen, føler eg nesten at eg er der i stallen med Jesusbarnet, «*se, himlen ligger og hviler på jordens gule strå*». Og så får me avslutte songen med «*for dette barn har himlen med, og jorden fylles med sang*».

Eg håpar at me kan fylle kyrkjene i Masfjorden og heimane våre med song denne jula. Ynskjer dykk alle ei fin adventstid, og god jul.

Helsing Eli Eidsnes, kyrkjeverja i Masfjorden.



*1. Nå er den hellige time.  
Vi står i stjerneskinn,  
og hører klokkene kime.  
Nå ringes julen inn.*

*Ref: Englene synger høyt i kor,  
synger om fred på vår jord.  
Verden var aldri helt forlatt.  
En stjerne skinner i natt*

*2. En nyfødt kjærighet sover.  
Nå er Guds himmel nær.  
Vår lange vandring er over;  
stjernen har stanset her.*

*Ref: Englene synger høyt i kor,  
synger om fred på vår jord.  
Verden var aldri helt forlatt.  
En stjerne skinner i natt.*

*3. Se, himlen ligger og hviler,  
på jordens gule strå.  
Vi står rundt krybben og smiler,  
for vi er fremme nå.*

*Ref: Her kan vi drømme om den fred  
som vi skal eie en gang,  
for dette barn har himlen med,  
og jorden fylles med sang!*

# MASFJORDEN SOKNERÅD

Torsdag 16.november møttest både det gamle og det nye soknerådet saman med staben, på Fjon fjellkyrkje. Her hadde Rune Garmann laga god middag til alle, og det var tid for både å takka og ynskja velkommen. Etter at dei tre gamle sokna; Sandnes, Solheim og Frøyset i 2020 vart slått saman til eit sokn; Masfjorden sokn, har soknerådet også fungert som fellesråd, då med kommunal representant når fellesrådssakene vert handsama.

Me vil gjerne få takka alle dei som har vore medlemmar i sokneråd/fellesråd, vararepresentantar og medlemmar i kyrkjeutvala dei siste 4 åra for ein god innsats! Heldigvis stilte to av dei faste medlemmane i det gamle soknerådet til val att, slik at ein får med kunnskap frå det gamle rådet over i det nye. No kan me ynskje eit nytt sokneråd velkommen til å styre og arbeide for kyrkja i Masfjorden dei neste 4 åra.

Dei som er med i det nye soknerådet er:

#### Faste medlemmer:

Rune Garmann, leiar  
Siri Andvik  
Liv Øydis Trædal  
Anbjørg Berg Dyrhovden  
Atle Nordland  
Hanne-Marit Neverdal  
Anne Kari Mjanger  
Stian Søvik  
Heidi Bjånes Bjørneklett, nestleiar  
Elin Matre

#### Varamedlemmer:

Ståle Daae  
Frank Oppedal  
Aina Sleire  
Svein Atle Næss  
Vebjørn Haugsdal

I tillegg er soknepresten, Torbjørn Sæle, fast representant. Kyrkjeverja, Eli Eidsnes, er sekretær og har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett. Torill Torsvik Størkersen har vore kommunal representant i fellesrådet siste periode. Kven som vert kommunal representant dei neste åra er per dags dato ikkje avklara.

Me ynskjer alle dei nye velkommen, og lykke til med arbeidet dei neste åra.



Framme f.v.: Rune Garmann, Anbjørg Berg Dyrhovden, Liv Øydis Trædal, Frank Oppedal (vara), Heidi Bjånes Bjørneklett, Stian Søvik.  
Bak f.v.: Atle Nordland, Hanne-Marit Neverdal, Anne Kari Mjanger, Siri Andvik  
Fast medlem Elin Matre var ikkje til stades når bilde blei tatt.

#### Det vart òg valt nye kyrkjeutval:

**Sandnes kyrkjeutval:**  
Siri Andvik, leiar  
Anne Kari Mjanger  
Atle Nordland  
Helen Andvik  
Vebjørn Haugsdal

**Solheim kyrkjeutval:**  
Anbjørg Berg Dyrhovden, leiar  
Frank Oppedal  
Heidi Bjånes Bjørneklett  
Liv Øydis Trædal  
Ståle Daae

**Frøyset kyrkjeutval:**  
Hanne-Marit Neverdal (leiar)  
Dag Bjørnar Holmaas  
Heidi Kolle Andvik  
Joakim Hindenes  
Marit Helene Riisnes

Tekst og bilde: Eli Eidsnes, kyrkjeverje

# 50-ÅRSKONFIRMANTAR 2023



Frå venstre framme: Ivar Helge Matre, Åse H. Dyrkolbotn, Liv Ø. Trædal, Mona Hope Daae, Ester Rambjørg  
Midten: Wenke F. Ekren, Astrid Daae, Bente Kvinge, Rigmor Molland Kolås, Anny Britt Kwingedal Holmen  
Bak frå venstre: Svein Andvik, Rune Østerbø, Harald Mjanger, Rune Romarheim, Jenny Norunn W. Nordal (bak  
Bente Kvinge) Bjarne Ynnesdal, sokneprest Torbjørn Sæle

3 søndagar i mai 1973 vart over 40 ungdomar konfirmerte i Masfjorden.

Konfirmasjonsgudstenestene var i Frøyset-, Sandnes- og Solheim kyrkjer.


Søndag 22. oktober var me på nytt inviterte til kyrkja. Denne gongen samla i Sandnes kyrkje. I ei fin gudsteneste med både dåp og nattverd vart me ropte opp framføre heile kyrkjelyden. Presten Torbjørn Sæle ville gjerne vita korleis det var å vera konfirmant i 1973. Liv Øydis kunne på vegne av dei frammøtte konfirmantane fortelja at all konfirmantførebuing føregjekk på skulen og at me alle gjekk på Sandnes skule som var den einaste ungdomsskulen i kommunen. Sjølv om me vart konfirmerte i ulike kyrkjer vart alle dei kvite kappane prøvd og tilpassa på Sandnes. Presten heitte Harald Øysæd og var ein roleg mann. Slik vart me ikkje så svært nervøse, men me kjende nok på alvoret.

Etter gudstenesta denne oktoberdagen gjekk turen vidare til "Snikkarbua kafé" på Kvingo der middag, kaffi og dessert venta. Me fortalte kort om oss sjølve før presten varta opp med ein vanskeleg quiz med tema 1973. Mange hol å tetta der, for kven brydde seg vel om kva som skjedde rundt om i verda når ein var 15 år.

Ei fin stund saman, mange gode klemmar med klar avtale om snart å møtast att.

Tekst: Liv Øydis Trædal  
Foto: Torbjørn Nordland

# TENDE LYS PÅ MINNEGUDSTENESTER



5. og 12. november var det minnegudstenester i Frøyset, Solheim og Sandnes kyrkje. På desse gudstenestene minnast vi våre kjære, og namna på dei døde i Masfjorden siste året vart leste opp medan det vart tent lys. Songar, bibeltekstar og preike handla om ein Gud som er med i alt som skjer, også dei vonde og tunge dagane.

I bøna for dagen vart det bedt:

*«Evige Gud, du er vårt håp og vår tilflukt. Vi bed deg: Trøyst oss i sorga og saknet etter våre kjære, og styrk oss i trua, så vi i liv og død kan setja vår von til deg.»*

Mange nytta høvet til å tenna lys i kyrkja og på gravene i samband med helgemessesøndag og desse gudstenestene, der det også vart delt ut sorglys til å tenna i heimane.

Tekst og foto: Torbjørn Sæle

## LEIRHELG MED KONFIRMANTKOMPANIET

Endeleg skulle konfirmant-gjengen samlast til leir på Fjon. Siste helga i oktober var det duka for fellesskap og leir igjen, tradisjonen tru. Det blei flotte dagar i godt haustvêr.

For å sikre ein god start begynte vi helga med klassisk fredagstaco. Ein trygg standard å sette for helga. Igjennom dagane var det mykje som skulle skje. Ein kjem nærmere når ein er saman slik, og blir godt kjent. Slik som konfirmantåret er lagt opp no, ligg det meste av undervisningsinnhaldet til leir.

Gode Torbjørn underviste om Kristuskransen og korleis trua kom inn i hans liv og kunne forme hans identitet frå han var ung. Konfirmantane fekk høre om korleis Gud elskar alle menneske og kva Bibelen fortel om dei som møtte Jesus då han levde på jorda. Det er spennande og gå trusperspektivet i møte saman. Helst skal ein få undre seg og stille dei spørsmål som ein treng denne konfirmant-tida. Eg, Ingrid Helene – konfirmantarbeider fekk også undervise om korleis Gud er med oss alle, også i dag. Vi fekk synge og leike, bli kjent og laurdagen gjekk kompani Fjon av stabelen, under leiing av gode unge hjelparar som var med å arrangere leir. Ekstra spennande var det også at Øyvind Heggernes kom på besøk til oss, ein tidlegare rusavhengig. Han fortalte frimodig om korleis han opplevde at han blei satt fri frå rusen då Jesus kom inn i hans liv. Ikkje kvar dag ein får sjanse til å spørje om fengselsstraffer og eit så utshevande

liv. Det var tydeleg at dei unge lytta og også at Øyvind tok dei på alvor. Eit fint møte. Helga vart avslutta med gudsteneste i fjellkyrkja ilag med foreldre, kjente og dei som elles ville ta turen. Her deltok konfirmantane med det som var forberedt og vi fekk dele kyrkjekaffien saman. Så var det også godt med mange hender frå foreldre som bidrog til å kunne gjennomføre ei slik helg.



Det er mykje vi kunne fortalt frå ein ungdomsleir - but what happens in Vegas (Fjon) stays in Vegas

Så ser vi igjen fram til å sjå nokre av konfirmantane i sving med arrangementet Lys Våken.

Tekst og foto: Ingrid Helene Raunehaug

# “SOKNERÅDSPRATEN” MED RUNE GARMANN

1. Kan du fortelja litt om deg sjølv? Kva plass du høyrer til, kva du gjer på osv.?

- Eg har budd i Masfjorden sidan 1980, og reknar meg sjølv som masfjording. Tidlegare arbeidde eg som lærar, og med IKT, men no er eg pensjonist.

2. Du har vore leiar i soknerådet dei siste fire åra. Kva var det som gjorde at du ville vere med i soknerådet ein periode til?

- Det har vore stor utskifting frå periode til periode, og det kan opplevast om lag som å spele stigespelet og hamne på ei rute der du rutsjer litt nedover. Kontinuitet er viktig. Denne gongen er to av ti soknerådsmedlemer med over frå førra periode, og det er kan hende litt lite.

3. Kva tar du med deg vidare frå det gamle og inn i det nye soknerådet?

- At det er viktig å arbeide langsiktig, og at folk som tek på seg oppgåver i soknerådet, tek ansvar og gjer en fin innsats.

4. Korleis var overgangen frå tre sokn i dei ulike kyrkjekrisane, til eit felles sokn?

- No er kanskje ikkje eg den rette personen til å spørje, sidan eg hadde meir enn fire fingrar med i prosessen som førte til samanslåinga. Men det er mitt inntrykk at dette har vore til nytte for Kyrkja i Masfjorden.

- Soknerådet kan på ein heilt anna måte få hjelp av staben, samanlikna med då det var tre sokneråd staben skulle hjelpe.

- Det var nokon som uttrykte bekymring for at samanslåinga skulle få negative fylgjer for «deira» kyrkjekrins, men slik eg har erfart det, har soknerådet heile tida synt stor vilje til å ta det same ansvaret for alle tre kyrkjene og arbeidet i dei.

5. Har du eit godt møte eller minne med kyrkja du kan fortelja om?


- Eg har mange, frå ulike kyrkjer. Men eitt av dei verkeleg fine minna frå nyare tid er frå Frøyset kyrkje julaftan 2022, då ei lita jente gjekk fram til Torbjørn då han heldt preika, og som den naturlegaste ting i verda stilte seg opp attmed han, smilande og blid. For meg vart det ei fin påminning om at kyrkja er for alle.

6. Kva betyr kyrkja for deg?

- Eg har alltid kjend meg heime i kyrkja. For meg er ho ein del av ein stor og rik tradisjon som går mange hundreår attende, og samstundes er ho ein del av eit stort notidig fellesskap, som eg får vere med i.

7. Kva tankar har du om kyrkja sin plass i lokalsamfunnet vårt?

- Fyrst og fremst tenkjer eg beredskap. Eg vil at kyrkja skal vera til stades når folk treng henne, eller berre ynskjer å oppsøkje henne. Og eg vil at folk skal vite at dei er velkomne der når som helst dei måtte komme.



8. Er det noko du ynskjer kyrkja i Masfjorden skal satse ekstra mykje på?

- Eg trur det er viktig å gi folk høve til å erfare at kyrkja er ein plass for dei, også om dei har eit litt fjernt forhold til kristen tru og tanke. Ein måte å gjere det på, er å stimulere til auka bruk av kyrkjerommet til andre føremål enn berre gudstenester og ulike seremoniar. Då tenkjer eg på å gjere kyrkjene våre til fine stader for kulturelle opplevelingar.

*Intervjuet av Tina Meland Lønnebakken  
Foto: Rune Garmann*

Mange har ikke råd  
til å feire jul

Forskelle i Norge øker.  
Julen blir vanskelig for mange.  
Flere familiér må velge  
mellan mat eller julegaver.

Du kan hjelpe!

Gi en julegave på  
vipps 13130



Blå Kors

# KONSERTFOREDRAG MED SØLVI HELÉN HOPLAND



Siste fredagen i oktober var me så heldige å få besøk av låtskrivar og visesongar Sølvi Helén Hopland i Sandnes kyrkje. Då hadde kyrkja i Masfjorden invitert til gratis konsertforedrag med tittelen «Frå glede til sorg og tilbake».

Sølvi Helén er sertifisert sorgvegleiar og har sjølv opplevd å mista mannen sin i kreft berre nokre år etter at dei gifta seg og fekk barn. Ho har kjent på både den store gleda og den djupe sorga, og kunne dela av erfaringar om vegen tilbake frå sorg til glede.

«Tida leger alle sår» er det noko som heiter, seier Sølvi, men gjer den det? spør ho denne kvelden. Tida aleine kan gjerne ikkje lege eit sår, såret må gjerne både reinsast, ein må ta på plaster og sjå til at det gror. Altså aktive handlingar. Slik er det gjerne med sorga òg. Ein må få lov å kjenne på både sorg, sakn, fortviling og sinne. Og sorg er ikkje berre at nokon som står deg kjær døyr. Det kan være relasjonar som blir brote, ting som ikkje blir slik ein hadde håpa på, eller draumar som ikkje går i oppfylling.

Ho fortel open og nært om tida medan mannen var dødssjuk og tida etter dødsfallet hans, og det er ikkje fritt for at nokre tårer renn ned langs kinnet mitt. Ho fortel om enkle fine ting som folk gjorde for ho og dei små borna hennar, som kunne gje ho ein liten pustepause i alt det vonde. Og korleis det er viktig å ta imot hjelpe folk vil gje deg for å kome tilbake til det «vanlege livet» og igjen kunne finne glede i det du likte å gjere før.

I Norge brukar me ordet «kondolerer» som det me seier til etterlate etter eit dødsfall. Det betyr «eg føler med deg». Men i Sveits, der mannen til Sølvi Helén var frå, og dei reiste tilbake til dei siste levemånadane hans, har dei eit anna uttrykk. Etter dødsfallet vart ho møtt med orda «viel kraft» som betyr «mykje kraft», altså at dei ynskjer at ho som enke no må få mykje kraft til å stå i det vanskelege og triste. Dette følte ho var gode ord å bli møtt med og mindre «stakkarsleg» enn kondolerer. Eg tenker at dette er det eg ber Gud om når eg ber for dei som har mista sine. At dei må få kraft til å stå i det vanskelege og trøyst i sorga.

Den nære og fine praten blir blanda med songane ho deler til både trøyst og oppmuntring. Ho delte både av sine eigne songar og nokre meir kjente salmar, og byta på å spele til på gitar og flygel. Sølvi Helén Hopland har opp gjennom åra gjeve ut mange eigne songar, og ein av dei nye songane sine, «Spurven», har ho nyleg vore i studio i Masfjorden for å synge inn.

Framfor oss denne kvelden hadde ho lagt den store ryggsekken sin og ei fin lita gul veske. Med desse rekvisittane minna ho oss om at i den store «ryggsekken» me ber på blir det ofte lagt både tunge tankar og opplevingar som er vanskelege, og til slutt kan dette verte ei tung bør. Det er difor viktig at me og samlar på gleder, symbolisert med den «little gule veska» hennar. Her kan ein få legge dei små gledene som ein fin solnedgang, takksemd for ein god ven, ei fin hending eller liknande. Og eg tenker at denne konsertkvelden vil eg putte i den «gule veska» mi. Ein fin og nær konsert som rørte ved hjarta, og gav nokre tankar om både livsglede, sorg og livskraft.

Tekst og foto: Eli Eidsnes, kyrkjeverje

# TINA HAR SKIFTA NAMN



Trusopplæraren vår Tina Meland Corneliusen har no jobba hos oss i godt over eitt år. Mange har møtt ho på gudstenester og arrangement for borna i denne tida.

23.september gifta ho seg med sin Stian i Alversund kyrkje. Ho har samstundes skifta namn til **Tina Meland Lønnebakken**. Gratulera med ekteskapet, Tina og Stian.

Så er det altså den same gode Tina som sender brev rundt om Lys våken, tårnagent osb framover.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjeverje

Foto: Torbjørn Sæle

## EIN BÅTTUR I KYRKJA

På utdelinga av bøker til 4-og 10-åringane, skjedde det mykje moro i kyrkja. Det var blant anna ein båt i kyrkja, og barna som tok seg ein båttur fekk litt vatn på seg.

Sundag 22. oktober var det på tide å dele ut 4- og 10-årsbok i Solheim, Frøyset og Sandnes kyrkje. Dette er eit trosopplæreringsstiltak som har vore i nokre år, der 4 åringane får «Kyrkjeboka mi». Her får me møte tre vener, og får vera saman med dei i løpet av året. Me får vera med dei i barnehagen, på skogstur og i kyrkja. 10-åringane fekk denne gongen sin eigen teikneseriebibel med bibelhistorier presentert i teikneserieform. På framsida av boka, kan me sjå Jesus som går på vatnet, og denne forteljinga var også i fokus i gudstenesta.

Då det var tid for preik, snakka me om då det var storm, og det var ein båt som var ute på sjøen. Det førte til at Jesus kom gåande på vatnet, og sa til venene sine i båten: «Det er eg, ver ikkje redde!». Så gjekk Jesus om bord i båten.

Dette måtte vi prøve i kyrkja, så Torbjørn prest drog fram ein gummibåt, og dei som ville kunne få sitja i den. Det blei laga stormlydar, og for å kjenna litt på korleis det kan vera når bølgene slår over båtkanten, så blei det også spruta nokre dråpar vatn på dei som var i båten. Etter kvart kom Tina utkledd som Jesus inn, gåande på «vatnet» og sa «Ver ikkje redde!



Det er eg» før ho sette seg i båten. Det var moro å kunne få vera med på båttur i kyrkja.

Det blei også sunge ein del songar, som blant anna, «Når det stormar», «Måne og sol», «Vår Gud er så stor». Det var også ei bønevandring i kyrkja, der dei som ville kunne gå til ulike stasjonar. Under bønevandringa kunne ein tenne eit lys, leggja ein papirblome i ei skål med vatn og venta og sjå kva som stod inne i blomen når den opna seg.

Tekst: Tina Meland Lønnebakken

# ELDREPRISEN TIL HALDIS

Haldis Margot Ulvatn er tildelt Eldreprisen 2023. Ordførar Karstein Totland delte på vegne av Eldrerådet ut prisen på Eldrefesten 2. oktober.

I grunngjevinga han las opp stod det følgjande:

«For å beskrive årets prisvinnar vil det vera rett å gå ein del år tilbake. Når det var snakk om å laga revy, var vedkomande både aktiv og ein pådrivar for å få det til, også som underhaldning på fleire 17. maikveldar i samfunnshuset på Risnes. Gjennom mange år har og vedkomande vore aktiv i songkor, både som styremedlem, songar og konferansier på tilstellingar. Vedkomande likar og godt å bidra med bakverk når det skal vera gevinstar til utloddning.

Eldrerådet har lagt særleg vekt på det frivillige arbeidet ho gjer som pensjonist for og med dei eldre på Masfjorden sjukeheim. Songtimane og mange gode samtalar, samt arrangering av onsdagskafe på arbeidsstova saman med Åse, Marit og Jenny er umåteleg viktig for bebuarane. Opplessing og lappesteiking gjev ein god atmosfære, og dei slånde replikkane kan få kven som helst til å le. Ho er ein stor ressurs for dei eldre på sjukeheimen, og vert etterspurd om ho ikkje er til stades. Ho har teke imot tinging av kaker, som ho lagar til dei finaste kunstverk. Ho har i mange år vore aktiv på vevstova på Sleire, og tek kunnskapen med tilbake til gode samtalar på sjukeheimen. Ho er og støttekontakt og er ein god ressurs for eldre her.

Vedkomande er ein ressurs for bygda, for heimebuande eldre og for eldre på sjukeheimen, og er ein humørspreiar som skapar tryggleik rundt seg.

Eldreprisen 2023 går til Haldis Margot Ulvatn.»



Det var Eldrerådet i Masfjorden kommune som inviterte til Eldrefest mandag 2. oktober. Festen var på Solheim grennahus, og om lag 60 personar deltok.

Festleiar og leiar i eldrerådet, Ivar Haukeland, ønskte alle gjestene velkomne, og tok festen gjennom det planlagde programmet i god stil. Det vart og tid til god drøs ved borda.

Tidleg fekk kulturskulen underhalda med song og gitarmusikk.

Jon Martin Skauge og den 12 år gamle eleven Embla Dyrkolbotn-Brown frå Matre skule gjorde ein flott minikonsert, med fleire songinnslag, mellom anna med ein flott Billie Ellish- song.

Deretter kom Nils Torbjørn Kvamsdal og hadde festtalen. Han fortalte om oppveksten i Masfjorden, og hadde mange historier frå Nordbygda å fortelja, samt om livet på 60-70 talet i og ved det veglause bruket på Brekkene, der han vaks opp. Kvamsdal fortalte og litt om livet i Vossabygda, der han har jobba som journalist i lokalavisa Hordaland i over 35 år. Det var tydeleg på forsamlinga at dei kjente igjen mykje av det han fortalte om!

Hovudmusikken i år som i fjar var det gamaldansorkesteret «I G-dur » med 5 kjente karar frå Seims-krinsen i Alver som hadde. Fleire av desse karane har spelt i over 50 år på scener mange stadar i landet, og festlyden var svært

fornøgd med musikken dei spelte. Dei hadde også musikk til allsongen, der kjente viser som «Striladans» og « I morgen, i morgen, men ikkje i dag» mellom andre vart sunge.

Kjellaug Bolset Strand hadde høgopplesing frå Jan Spurkeland si bok om strilahumor, mellom anna om den sindige bussjåføren Sverre, som alltid hadde replikkane i orden, når uventa ting hende på landevegen.

Middagen vart servert av 9. klasse-elevar frå Matre skule og Laila Furebotn. Etter at denne jobben var gjort delte Ivar Haukeland ut roser som takk til alle servitørane.

Tekst og foto: Sveinung Toft



# KUNSTRUNDEN I NORDHORDLAND MED FLOTT DELTAKING FRÅ MASFJORDEN



Målet med Kunstrunden er å gjera alt det vakre som vert skapt av kunstnarar og kunsthåndverkarar i regionen vår, tilgjengeleg for publikum. Ei helg i året vert det i samarbeid med kunstnarar, profesjonelle som amatørar, gjort mogleg for interesserte å reisa rundt i heile regionen og besøkja ulike utstillingsstadar. Alle veit at Nordhordland er «verdas beste korpsdistrikt», ikkje like mange er kjende med mangfaldet av visuell kunst og kunsthåndverk som vert skapt rundtom i bygdene våre. Kunstrunden er tenkt å bøta litt på dette, til glede for både publikum og utøvarar. Det var i år heile 16 ulike utstillingsstadar, nokre av dei med mange utøvarar representerte.

Då Kunstrunden i år gjekk av stabelen helga 21. og 22. oktober, var det plotta inn tre ulike utstillingsstadar i Masfjorden: Det gamle legekontoret på Hosteland, Kristin Torhus Johnson Atelier, også Hosteland og Atelier Treskhuset, Sleire. Sundag 22.10. tok underteikna ein rundtur til alle desse tre stadene for å sjå kva dei kreative og dyktige utstillerane hadde å syna fram.

På venterommet på det gamle legekontoret kom eg inn i eit lunt rom prega av ro, fargar, latter, prat og vennleg atmosfære, heilt annleis enn den lett nervøse og litt trykkande stemninga ein gjerne hugsar frå besøk her i tidlegare tider. Her sat Åse Tyse Dåe Midtbø og strikka, omgitt av dei flotte tinga i tova ull som var hennar utstillingsobjekt. Eg let meg imponera både av dei vakre bileta og dei ulike tredimensjonale tinga ho har trylla fram av farga ull: Skåler, vasar, vesker og anna både til nytte og pynt. Åse har delteke på fleire ulike kurs i filting og arbeid med ull, og er sertifisert til å kalla seg filtmakar.

Ved vindaugeveggen, i godt lys, sat Rune Garmann i ivrig arbeid med ikonmaleri. Og vel treng utøvarar av denne spesielle og tredisjonsbundne maleteknikken godt lys. Her er kvart lite penselstrøk viktig og symboltungt, det same med bruk av fargar og utforming av figurar. Samstundes trengst det utruleg mange timer med ulike arbeidsprosessar og før ei plate er ferdig til å bli påmalt det endelige motivet. Det er utruleg prisverdig at nokon vel å halda ein slik tidkrevjande og tradisjonsbasert teknikk i hevd, - også her i Masfjorden! To av veggene i rommet var elles pryda av Rune sine vakre, innramma fotografi, dei fleste nærbilete av blomar og andre plantar.



Kunstrunden i Nordhordland vart i oktober arrangert for femte år på rad. Initiativtakarar til dette arrangementet er Gro Fyllingsnes og Cato Pisani Danielsen. Dette ekteparet har i mange år drive kulturaktivitetar knytt til Gamleskulen på Eikanger, og har no etablert firmaet Eikanger Kultur. I år var også Nordhordland kunstlag med som arrangør.



Neste stopp var atelieret til Kristin Torhus Johnson. Og for å få med seg litt av mangfaldet av hennar produksjon, må ein rett og slett ta seg fleire små rundar i dei ulike romma hennar. Her bognar det av både kunstbilete og ulikt kunsthåndverk: Skinn med trykk, utført på alt frå på yndige, små babysko til store, dekorative teppe, her er ulike smykke, handmalte kort, heimesydde kosebamsar, puter og handlenett med trykt mønster, bilde malt i akvarell og akryl, - og mykje anna som denne kreative dama har for sal. (At ho i tillegg driv gardsbutikk, er berre å nemna i ein parantes.)

Atelier Treskhuset har ikkje vore ope/i aktivitet på ei stund no, då innehavarane bur delvis i Bergen. Men Berit Sleire Rasmussen gav uttrykk for at ho var glad for eit lite dytt frå Kunstrunden, slik at ho kunne annonsera ope denne aktuelle helga. Ho fekk då med seg gode naboor: Ingfrid Hansen Sleire med eit utval av sin rike og varierte produksjon av ullprodukt og Sigvald Kvinge som hadde vakre og forsegjorde gyngehestar i tre for sal.

A koma inn i Treskhuset på Sleire, er måltid for auge og sjel. Her er eit slikt mangfold av vakre gjenstandar i keramikk og andre material, med ei spennvidde og breidd i teknikk og uttrykksform. Du finn skjøre porselenskoppar, smykker og knappar, englar, sauar

og andre figurar i kvit leire, opp imot store, røffe skulpturelle vasar i blåleire. Ingen ting er tilfeldig stilt ut, alt er samla og sett saman slik at kvar gjenstand kjem til sin rett. Materiala ull og leire kler kvarandre godt, slik at Ingfrid sine strikka og tova plagg og gjenstandar i plantefarga garn kjem til sin rett saman med produkta til Berit. Det same kan seiast om gyngehestane til Sigvald.



Då eg var på min private runde sundag 22., kom eg som første gjest til utstillingane på Hosteland. Laurdag 21. var det rimeleg bra besøk alle tre stadane, besøket vart noko mindre sundagen. Ved komande kunstrundar er det å håpa på at både bygdefolk og tilreisande i endå større grad får augene opp for alt det vakre som vert produsert av dyktige og kreative masfjordingar. Fleire utstillarar er der også plass til!

Tekst og foto:  
Berit Lygre



# KVINGE GRENDALAG JUBILERER



Kvinge Grendalag feira 50- år jubileum i skulehuset på Kvingo søndag ettermiddag 15.oktober med jubileumskake og kaffi. Om lag 50 personer møtte opp for å feira i lag med oss. Det var ein triveleg ettermiddag med prat og mimring.

Kvinge Grendalag hadde sitt konstituerande møte i stova til Eivind Kvinge 19. januar 1973.

Det første styret var formann Eivind Kvinge, nestformann Elsa Kvingedal, kasserar Magnhild R Kvinge, øvrige styremedlemmer var Nils Einestrand og Birger Kvingedal.

Første saka dei behandla var betaling av kontingen. Denne vart sett til kr 15 pr. år. I 2023 er kontingenten kr 100 pr. år.

Grendaskulane på sørsida i Masfjorden vart nedlagt og flytta til nyeshulen på Sandnes i 1965. Dei siste som byrja i 1.klasse på Kvingo var Gro Marit Kvinge Tande og Hilmar Kvinge. Dei gjekk der eitt år før dei så måtte reisa til Sandnes. Skulehuset vart kjøpt av husmorlaget v/Anna Kvingedal, Liv Kvinge og Elsa Kvingedal for kr 5000. Dei tok opp lån og damene måtte stille som kausjonistar med barnetrygd som einaste inntekt. Husmorlaget overførte skulehuset til Kvinge Grendalag i 1973.

Opp gjennom åra har bygget vore brukt og utleidt til ymse aktiviteter som bryllaup, konfirmasjonar, barneforening, trim, seniortreff, bordtennis-kveldar og ikkje minst basar og auksjon som gjev inntekt til huset.

Skulehuset er i dag i god stand og blir framleis brukt til ymse aktiviteter for bygda.


Medlemmene i Kvinge Grendalag gjer ein fantastisk jobb med å ha tilsynet med dagsturhytta. Her har me tilsyn ein gang i veka, året rundt.

Det nye styret som er avbilda består av Aud Elin Morken, Bente Karin Kvinge, Tove Anita Kvingedal, Ranveig Kvinge og Wenke Fredheim Ekren.

Tekst og foto: Kvinge grendalag



# FLOTT OG FARGERIK HELSING FRÅ DAGSTURHYTTEGJESTAR



CAP VERS L'AVENTURE

02.07.23

LEP

THANKS A LOT FOR THIS

Beautiful place!

We are a french family. We came here with our canoe-tent. We were so happy to find this shelter. So this is our gift for you: a drawing with green colors.

If you want follow our adventure in Norway & Sweden

INSTAGRAM: cap.vers.laventure

FACEBOOK: Cap vers l'Aventure

François, Nena, Sasha, Marius, Noa.



Mange besøker dagsturhytta, og ein god del av gjestane tek seg tid til å skriva signaturen sin i gjesteboka, gjerne i kombinasjon med nokre hyggelege ord. Men ein dag hang ei heilt spesiell helsing på veggen. Denne franske familien hadde kome sjøvegen og funne ly i og ved hytta, og tydelegvis funne seg til rette. Under oppholdet har ein av familiemedlemmene brukt kreativiteten sin til å laga dette vakre kunstverket.

No er helsinga kome i glas og ramme i hytta!

# GULL I PÆRE?

Boka «Gull i pære?» med ordtak, rim og gåter frå Masfjorden er no ferdig og søndag 12. november inviterte redaksjonsnemnda familien og gode hjelparar til boksllepp i Snikkarbua på Kvingo. Det vart ei festleg stund.

Materialet i boka vart innsamla av Ola R Midtbø mellom 1916 og krigsåra. Materialet viser språk, ord og uttrykk i Masfjorden for 80-100 år sidan. Det er morosame ordtak, treffsikre sitat frå hendingar som har blitt fortalt om i bygda og ymse herme, skoser og regler. Dette er stoff av stor verdi for fagfolk. Men aller mest for bygdefolket i Masfjorden.

Manuskriptet til boka er redigert og utarbeidd av Johan Myking, pensjonert professor ved UiB og barnebarn av Ola R. Midtbø. Under bokslleppet snakka han litt om boka, og tok fram gode døme på ordtak og korleis desse kunne tolkast. Den yngre garde i familien har teikna og illustrert ein del av ordtaka, og det var særleg desse ordtaka han stoppa opp med. Det var svært interessant å høyra han fortelja.

Det vart så servert kaffi og kaker, og praten gjekk livleg. Bodoni forlag har utforma og trykt boka. Forleggar Jo Gjerstad tok ordet. Også han trekte fram ordtak frå boka og understreka all livsvisdommen som ligg i dei. Alf Strand helsa, og understreka kor fantastisk verdifullt det er å ta vare på dette materialet. Sogeheftet «Fjon frå fjell til fjord» har i tillegg til kommunen støtta tiltaket økonomisk.

Og kva ligg det så i uttrykket «Gull i pære?» Om du ikkje har funne ut av det enno, så er det berre å leita etter «svaret» i boka!

Boka kan kjøpast i bokhandelen eller tingast direkte hjå Bodoni forlag  
[www.bodoniforlag.no](http://www.bodoniforlag.no)  
Tlf.: 40 50 12 00

Det vert og hove til å kjøpa boka lokalt på daglegvarebutikkane i kommunen og på kommunehuset.

Tekst: Frank Kvinge



## TRENG DU PIANOSTEMMING?

Ta kontakt med Frank

Tlf.: 970 61 230

## HJELP MOT JUL

Har familien det trangt økonomisk?

Treng de hjelp mot jul,  
i form av gåver  
til borna eller  
matkurv/gåvekort på  
matbutikk?

Ta kontakt med  
leiande helsejukepleiar  
Laila Mjånes (48480646)  
eller frivilligkoordinator  
Kristin Kvamme Rasch  
(90104139) for ein prat.



# FJON FRÅ FJELL TIL FJORD

«Fjon frå fjell til fjord 2023» er no i handelen.


Heftet er på 110 sider. Her kan du mellom anna lesa om dei gamle skulehusa på Haugsvær og Kvingo, og om arbeidet med boka «Gull i pære» som kjem ut no i november. Tekstane tek oss med på båtturar og på gamle ferdsselsvegar i fjella våre. Songlaget Fjordklang har fått si soge fram i lyset, og ein artikkel om Aslaug Molland Takvam sitt arbeid med Masfjordbunaden har og fått plass i heftet. På dei siste sidene i heftet er det tekstar og bilete frå framsyninga «Frå hav til fjell i Nordhordland», der Arne Høyland sine viser vart løfta fram.

I år har det vore stor utskifting i redaksjonen etter at Aud Helen Virkesdal Daae, Rune Garmann og Alf Strand takka for seg. Den nye nemnda synest at arbeidet med ei ny utgåve av heftet har vore interessant og lærerikt.

Heftet er til salgs i butikkane i kommunen og på kommunehuset.

Pris kr. 200.- Vippsnr. 851471  
Kontonr. 05400854132  
Lukke til med lesinga!

*Helsing den nye redaksjonen*  
Lene Christine Simonsen, Jarle Rønhovd, Erlend Spurkeland og  
Eldbjørg Mjanger



## MASFJORDKALENDEREN

Masfjordkalendaren 2024 er snart klar for sal.  
Fine bilde kvar månad, der mange vil kjenna seg att.

Masfjord fotballag har i 2023 hatt eit godt sportsleg år med stor breidde.

6 - 9-åringane har hatt sine miniturneringar, og ni alderbestemte lag har vore med i seriespel. Dette har vore mogleg grunna stort foreldreengasjement, og gode trenrarar.

I vaksenfotballen er det samarbeid mellom Gulen og Masfjorden. I år gjekk det så bra at dei har rykt opp til 5. divisjon neste år.

Alt dette kan du lesa meir om på siste sida i kalendaren.

Kalendaren vil bli seld med husbesøk, julemesser og i butikkar. Vil nokon reservera kalendarar, gjer dei det ved å kontakta Åshild Midtbø, telef. 997 63 995.

Tekst og foto: Kalendernemnda



# JO RONALD PÅ LEIR



**Jo Ronald Mjanger er ein stor leverandør av stoff til Masfjordingen. Jo Ronald skriv om det han har vore med på av stort og smått i vår kommune, men også om ting han har opplevd andre stader, eller om saker han er oppteken av. I denne teksten skriv han om den flotte leiren som CP-foreningen arrangerte på Tjøme sommaren 2023.**

Denne sommaren meldte eg meg på vaksenleir som CP- foreningen arrangerer. Eg deltok på barneleiren i 2008 på Sørlandet og på ungdomsleiren i 2012. Desse leirane vart arrangert på Eidene senter som ligg på Tjøme utanfor Tønsberg. Der skulle også årets vaksenleir vera.

## Tradisjonsrike leiarar

Sommarleirane til CP- foreninga har ein lang tradisjon. Den første sommarleiren for barn vart arrangert allereie på 1970-talet. Nokre tiår seinare kom ungdomsleiren, og så seint som i 2000 kom vaksenleiren på plass. Sommarleirane er eit tilbod der alle medlemmene av CP- foreningen kan søke om å få plass uavhengig av grad av cerebral parese.

Barneleiren blir arrangert på Risøya Folkehøgskule, medan ungdomsleiren og vaksenleiren er på Eidene senter. Senteret er eigd av Røde Kors, og lokala blir leidt ut til mange ulike foreninger, lag og organisasjoner.

## Nervøsitet

I forkant av leiren hadde eg vore på ferie med familien, så me hadde berre ein time å køre denne dagen. Eg var så nervøs før eg sette meg i bilen at eg nesten ikkje fekk i meg mat. Då eg kom fram vart eg tatt imot av ein av hjelparane på gruppa mi. Det var fem grupper totalt, og eg var ein del av gruppe 2. I gruppa var me fem deltakrarar. Først fekk eg litt omvising på senteret der me skulle vere dei ti neste dagane. Etter middag var det kveldskos, slik det skulle vere kvar kveld. Me samlast i Ferder sal der me skulle lage dørskilt. Eg fekk hjelp av ein av hjelparane mine som sjølv meinte han ikkje var god til å lage dørskilt, så det vart ein morosam affære.

## Gøy med zipline!

Dersom deltakar eller hjelper gjorde ein tabbe, vart ein nominert til dagens spade. Vedkommande fekk ein leikespade med snor hengt rundt halsen. Spaden måtte henge rundt halsen konstant i 24 timer. Dersom ein tok spaden av, fekk ein iskaldt vatn over hovudet. Eg spurte om å få sleppe dette, og det vart akseptert, heldigvis.

Til alle måltid sat me gruppevis ved bordet. Gruppa mi var ein fin gjeng! Etter frukost første morgen var det tid for zipline og pilkast. Eg ville sjølvsagt prøve zipline, men var litt nervøs og spent for korleis dette skulle gå. Det var skikkelig gøy! Seinare på dagen tok me ein tur til Eidetoppen, 45 moh. Der var det flott utsikt og me var heldige med veret.

## Quiz og strandtur

Laurdag sette me oss i bilen og køyrdet til Verdens ende. Denne dagen var det også fint ver, så me koste oss med ein is. Me fekk servert varm lunsj fra kjøkkenet på Eidene. Denne dagen var det mi gruppe som hadde ansvar for kveldskos og då vart det musikk- quiz. Ein av låtane mine var med, og det var berre mi gruppe som greidde å gjetta riktig.

Søndag var det tid for strandtur. Der kunne folk velge om ein ville bade, spele kubb eller prate. Me grilla og avslutta med båttur.

Mandag kom regnet og difor vart det hinderløype inne i stadan for ute. Me skulle finne ulike objekt og ta eit kreativt lagbilde saman med objektet. Kjekt! Etter lunsj denne dagen var det tid for maskelaging til maskeradeballen på avslutningsdagen.



### Artige aktivitetar

Tirsdag var det tid for Sip`n Paint og då drakk me brus og malte med fingrane. Så var det tid for noko dei kalla Likemann. Det betyr at me skulle dele erfaringar med kvarandre om korleis det er å ha CP. Det var interessant og kjekt å dele erfaringar. På kvelden skulle heile leiren på Havna Bar. Eg drakk ein deilig alkoholfri drink.

Onsdag var det duka for aktivitetsdag med mange ulike stasjoner, mellom anna Boccia. Onsdag kveld var det tid for konkurranse i rullestoldans. Eg dansa med ein hjelpar på gruppa mi og me rauk ut etter første runde, trur eg. Torsdag skulle me "pimpa" rullestolane våre. Så fekk me sminke på oss til ein photoshoot der me skulle ta ulike stemningsbilde. Torsdag var det talentiade, der eg var på scena to gonger, ein gong heilt åleine då eg sang "Du gjer meg ikkje fred" som er ein av mine melodiar med backtrack, og ein ilag med ein hjelpar som var på leiren. Då sang me "Bestevenn" av Odd Nordstoga og ho kompa med piano til!

### Høgtideleg avslutningsmiddag

Fredag var det avslutningsdag og tid for avslutningsmiddag. Me tok på oss dei finaste kleda me hadde pakka. Det var dekka langbord med kvit duk. Me fekk trerettars middag, og det var taler. Gruppa mi var den siste som gjekk ut av matsalen denne dagen også, slik som alle andre dager.

Laurdag var det tidleg opp for å reisa heim til Masfjorden. Det hadde vore ti fantastiske dagar på leir.

*Helsing Jo Ronald*



## AKTIVITATAR HAUST/VINTER - 23/24 I REGI AV RISNES IDRETTSLAG

### Bading på Matre

Onsdager fra 18.00 -19.30

Alle skal vere ute av garderoben kl.20.00

### Trimkarusell for alle aldrar med i Blåbærhaugen

Registrering fra kl.17.45 start på tid 18.00

Mandag 04. desember

Tider etter nyttår ikkje fastsett enno

### Aktiviteter i gymsalen

#### Mandag:

17.45 – 18.45 All- idrett 2.-4. klasse

18.45 – 20.00 All- idrett 5.-7. klasse

20.00 – 21.15 All- idrett 8.-10. klasse

#### Onsdag:

17.30 -19.00 Volleyball ungdomskulen

20.00 -21.00 Sirkeltrening 10. klasse og oppover

#### Søndag:

19.00 -20.30 Volleyball mix, damer og menn

#### Fjelltrim:

Vinterposter fra 01.11.23 – 31.03.24

#### Medlemskap Risnes IL

Årskontingent:

Familiemedlemskap 400,-

Enkeltmedlem 300,-

Barn/støttemedlem/pensjonister 100,-

Meld deg inn på [www.risnesil.no](http://www.risnesil.no) og følg oss på facebook

# FJELLTUR FRÅ MJANGER TIL ANDVIK

Alle saman møtte på Sandnes skule kl. 7.45 utanom Thomas og Randi, fordi Thomas var allereie på bussen som me skulle ta til Mjanger. Randi kom på bussen i Elvik.

Me starta å gå 08.20 frå vegen på Mjanger. Me brukte 23 min og 15 sekund opp til stien. Så gjekk me stien opp til Mjangersætra. Då me var framme på Mjangerssetra, delte Thomas ut heimelaga bollar og Ivar Elias delte ut kvikklunsj. Henrik og Thomas fylde opp vatn i flaska før me gjekk vidare. Alle fekk styre veien. No begynte vinden å blåse sterkt. Etter me hadde gått ei stund, kom me til ein stille plass der me drakk. No måtte Ivar Elias dra ut kartet på Båthaugen før me fann vegen kor me skulle gå. Me tok matpause ca. 10.30. Då åt og drakk me litt, tok oss litt sjokolade også, for dei som hadde det med seg. Me åt bak ein stein sånn at me ikkje fekk vind på oss.

Då gjekk me opp og ned, opp og ned, heilt til me kom til den siste bakken, før me nådde toppen av Lykjelen. Som belønning fekk alle ein kvikklunsj av Ragne sidan me gjekk 24/7.

Då me kom ned, gjekk Thomas for å skifta sko og henta Catch. Alle var redde for hunden utanom

Ragne og Randi. Me leika til bussen kom. Alle sa «ha det» til Thomas. Alle gjekk av bussen der dei skulle. Så var me ferdige.

Eg var overraska over at me greidde å gå så langt. Eg var overraska over at me ikkje datt ned på grunn av den sterke vinden. Me brukte fire og ein halv time på å gå heile turen, inkludert pausane og all ventinga på Ragne.

Det var fin utsikt. Eg opplevde mange fine ting. Eg opplevde fin sjø på grunn av at sjøen bevega på seg sidan det var så mykje vind. Eg blei overraska over at me brukte fem timer på å gå ferdig.

Det kjekkaste med turen var at me gjekk fort. Eg synest det var kjekt at Ragne gjekk bakerst, fordi då fekk me styre farten fordi ho gjekk så seint bakerst. Me måtte vente på Ragne av og til. Eg synest det var kjekt at me kunne gå bortover over så mykje fjell, og ikkje berre oppover og nedover. Det var ei spesiell oppleving å begynne turen på Mjanger og ende opp i Andvik.

*Laga av Sandra, Ivar Elias, Amund, Thomas og Henrik*



# HJORT OG SAU PÅ TIMEPLANEN

9.-10. klasse på Sandnes skule har vore så heldige å vere med å partera både hjort frå Elvik og sau frå slakteri i Førde. Heile skuledagen onsdag 18.oktober hadde Randi Kjøsnes undervisning saman med Wenche Rand Øyre om korleis ein parterer ein hjortekalv. Kalven var på om lag 20 kilo og det var Randi sjølv som hadde skote den. Ho skaut også kolla og spissbukken. Randi parterte opp kalven stykkevis slik at kvar elev fekk prøva seg på å beina ut. Bog, lår, ribba, nakken, indre- og ytrefilet var stykka kalven vart delt opp i. Det tok lang tid å skjera vekk alt feitt og bein og å dela opp i ulike stykke.

Me fekk smaka ulikt kjøt frå hjorten, mellom anna frå halsen, som er veldig seigt kjøt. Ytrefiletten er meir møyrt. Til slutt smakte me det beste kjøtet på dyret som er indrefileten. Dette kjøtet er dobbelt så møyrt som ytrefileten. Me skar av alt kjøtet på ribbeina, nakken og bogane og kverna dette til kjøtdeig. Deretter laga me pizza med hjortekjøtdeig. Det var ein del kjøtdeig igjen som me måtte vakuumpakka og legga i frysaren. Planen er å laga hjortepølse seinare i faget «Mat og helse» på skulen. Resten av kjøtdeigen vart nytta til pizza som blei servert til MOT-dagen for 9.klassingane i kommunen på Sandnes onsdagen etterpå. Alle på MOT såg ut til å lika pizzaen. Sjølve synest me at den var veldig god.

8.november fekk me besøk av Odd Henning Midtbø som hadde teke med eit lam på om lag 17 kilo. Odd er leiar for Masfjorden Sau og Geitalslag. Han ville visa elevane på Sandnes skule korleis ein parterer eit lam. Han viste oss at låra på lammet blir brukt til spekelår som me sjølve skal laga. Ribbeina blir kalla rabbene. Indre- og ytrefiletten hang fast på rabbene fordi Odd delte lammet midt på ryggen. Det er vanleg på lam for å få meir kjøt på rabbene. Svangen ligg bak rabbene og mot låret på lammet. Dei blir som oftast brukte til å laga rullepølse. Då Odd hadde skore opp alle stykka i bog, lår, rabbene, svange, indre- og ytrefilet skulde låra og rabbene i saltlake. Då tømte han mykje grovsalt i botn på ein stor plastbalje. Deretter smurde han fint salt rundt låret. Etter han hadde lagt begge låra ned i måtte me måla opp vatn for å vita kor mykje salt me skulle blanda i vatnet. Så måtte me røra saltet heilt ut i vatn før me tømte vatn oppi med låra.

Me synest alt i alt at dette var ei veldig kjekk oppleveling, samt veldig lærerik. Me gler oss til å smaka på dei ferdige rabbene og spekjelåra!

Tekst og foto: 9.-10.kl  
v/Sandnes skule





## MYKJE SPENNANDE PÅ 4H HAUSTRADSTEST

1. oktober var det dukka for den årlege haustradstesten for Fjordglimt 4H.

Gjennom året arbeider 4H-ungdommen med oppgåver som dei har valt sjølv. I år var det alt frå fotball, baking, foto og fisking til kvalp og aspirant. På haustradstesten får alle vise fram resultatet av det dei har arbeidd med, og godkjent oppgåvene sine.

4H-gjengen hadde sett saman eit flott program, med gode gammaldagse sketsjar og mykje moro. Det var åresal, kaffi og kaker, og merkeutdeling. For når ein har gjennomført og fått godkjent eit 4H-år og prosjekt, då får ein merke. Når ein har fått sju godkjente prosjekt får ein utdelt den gjevaste, plaketten.

Meininga med 4H, sett vekk frå å ha det kjekt ilag, er å utvikla ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske. Kjerneverdiane kjem godt fram i 4H-lovnaden; Me lovar å arbeida mot det mål om å bli ein ungdom med klart hovud, varmt hjarte, flinke hender og god helse.

Bileta syner flotte 4H-ungdom som viser fram oppgåvene sine. Helga Nyhavn Matre har teke alle bileta. Helga er klubbrådgjevar saman med Laila Furebotn og Therese Halsvik Norli.

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes



# KJEKT MED NABOMIDDAG



Rundt 100 personar møtte opp då lokale eldsjeler i samarbeid med Frivilligsentralen, Flykningetenesta og ukrainske flyktningar inviterte til nabomiddag på Sandnes skule.

Det siste året har meir enn 40 flyktningar frå Ukraina busett seg i Masfjorden og dei fleste deltok på nabomiddagen. -Målet med dette arrangementet er sosialisering, integrering og fellesskap, og å vise norske tradisjonar som dugnad- og åresal, fortel initiativtakarane. -Det er viktig å skape møteplassar der ein kan bli betre kjend. Eit slikt arrangement er med på å gjere det lettare for flyktningane og bygdefolk å helse på kvarandre, og få flyktningane inn i det sosiale livet i bygda.

Dei frammøtte storkoste seg med mat, underhaldning frå kulturskulen, åresal og sosialt samvær. Kakebordet var gedigent, og i sentrum sto ei enorm og svært forseggjort vakker kake laga av Tanya frå Ukraina.

Dette var ein kjekk kveld i godt selskap. Det må vere eit mål å få til fleire slike sosiale treffpunkt framover.

Tekst og foto: Kristin Kvamme Rasch



# PROSJEKTVEKE PÅ NORDBYGDA SKULE

I veke 39 hadde 1.-4. klasse ved Nordbygda skule prosjektveke med tema "sauen". Dette er eit tema heile småskulen jobbar med dette skuleåret. Arbeidet skal blant anna resultere i ei skuleavis til våren. Denne veka fekk elevane blant anna sjå gjetarhund i arbeid hjå Odd Midtbø og dei fekk sjå og prøve å karde og spinne ull til garn. Marit Helene Riisnes kom med rokken sin og viste og forklarte oss. Me var og heldige og fekk pengar av Masfjorden bonde og småbrukarlag til å kjøpe inn salt lammekjøt og fekk laga oss ein god lapskaus. Etter denne prosjektveka skreiv 4. klasse artiklar og laga intervju til avis. Under kan de lese nokre utdrag frå artiklane deira.

## Lapskaus

Dei synest det var gøy å kutte pølse. Det var vanskeleg å få av skalet på kålrabi. Safta var söt. Lapskausen var god. Nokon kutta purreløk også.

4.klasse lagde lapskaus til heile småskulen på Nordbygda skule.

Heile småskulen samla seg på musikkrommet for å smake på lapskausen som 4.klasse hadde laga. Suppa var laga med lammekjøt som me hadde fått pengar til av Masfjorden bonde- og småbrukarlag. Ein elev i 4.klasse hadde med seg gulrøter og purreløk. Å få lov til å lage lapskaus med saukjøt var det gøyaste vi gjorde i prosjektveka.

## Saueprosjektet

På ein tysdag besøkte Nordbygda skule ein gard. Der var det ein gjetarhund som gjetar alle sauene.

Han me besøkte heite Odd Midtbø. Han sa at han hadde tre gjetarhundar. To var like gamle og det var og ein gammal gjetarhund som kunne alle kommandoane som han ropte ut. Gjetarhunden lydde ikkje alltid når Odd Midtbø sa kommandoane. Odd Midtbø spurte om barna var redde når han ropte så høgt.

## Gardsbesøk på Midtbø

Småskulen var på besøk på Midtbø. Der såg vi gjetarhundar. Det var tre hundar. Ein heiter Dario, ein heiter Keken og siste heiter Skipen. Odd sa mange rare ord, og dei vaksne sa kva det betydde. «Gå inn» betydde «gå på sau», «meir sau» betydde at hunden måtte hente meir.

## Reportasje

I prosjektveka fekk vi besøk av Marit Helene Riisnes. Ho viste elevane korleis ein kan spinne garn av ulla til sau.

Ho hadde med seg ein rokk, hespetre og karder. Det første me måtte gjøre var å karde. Det var vanskeleg å karde. Det var veldig tungt å dra kardene ifrå kvarandre. Når du har karda ulla blir den ekstra mjuk og då kan du spinne ulla. Når du har lagd nøste må du vaske den.

Fleire av elevane meinte det var spennande og sjå korleis ein spinn ulla. Nokre av elevane fekk lov å prøve og spinne.

## Saueprosjektet

I veke 39 hadde småskulen ei prosjektveke med tema "sauen". Då besøkte 4. klasse gjetarhunden Dario.

Ein gjetarhund kan springe i 50 km/t.

Elevane såg Dario jage sauar.

Det var veldig gøy, synest elevane.

Dario kunne skilnaden på høgre og venstre.

Odd Midtbø har mange ulike sauetypar.

Suar er sosiale dyr.



Helsing 1. - 4. Klasse ved Nordbygda skule

# REGISTRERING AV BUNADSGÅVA



I månadsskiftet oktober- november fekk kommunen besøk i to dagar frå «Norsk institutt for bunad og folkedrakt» på Fagernes.

Bunadsmaterialet etter Aslaug Molland Takvam er registrert der, men ikkje alt. Difor ønskete instituttet å koma hit for registrering og fotografering.

Heile kommunestyresalen vart teken i bruk. Bunadsmaterialet, som nyleg var kome att frå frysing på museumssenteret i Salhus, vart lagt utover borda og det vart oppretta stasjonar for

ulike arbeidsoppgåver. I tillegg til dei tre gjestane frå Fagernes deltok også Kirsti Areklett i arbeidet. Ho har god kjennskap til materialet og vil vera sentral i det vidare arbeidet med å sy inn registreringnummer i bunadsdelane. I tillegg til det nasjonale registeret ønskjer kommunen å ha eit lokalt register for bunadsdelane som det er lett å ta seg fram i når objekt skal hentast ut frå magasinet.

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Mary Hope

## BADING I SJØEN

Me i 3. og 4.klasse har sånn at me skal fylle ein boks med stjerner, og det greidde me. Då ville me velja bading i sjøen! Me får 1 stjerne før mat og 1 stjerne etter mat når lærarane er fornøgde med innsatsen vår. Når me har fått 20 stjerner, får me velja ein belønning.

Me starta med å gå å ta oss ullstillongs, ullgenser og ullsokkar, og så våtdrakt, sjølvsagt. Me skulle møtast utanfor garderobane før me gjekk ned. Då me kom ned, var Henrik og Thomas førstemann uti. Dei hoppa frå bryggja. Det gjorde Amund òg. Henrik og Thomas hoppa fire gonger, og Amund hoppa to gonger. Alle andre hoppa ikkje! Når alle var ferdige å bada, gjekk me opp. Men Randi var igjen der nede. Tipp kva ho gjorde! Ho la seg på svøm! Det hadde ho grua seg til, men ho greidde det! Då ho kom opp, dusja me. Me kom bort til klasserommet. Der fekk me pizza, faktisk, og varm saft. Men eg skal seie deg at det var ikkje mange som ville ha varm saft! Dei bytta varmt vatn til kaldt vatn! Det skal eg garantere deg!

Tekst: Sandra Strand Andvik, foto: Sandnes skule



# MASFJORDEN HAR FÅTT LOKALE TIL FRIVILLIGSENTRALEN

26. oktober var det storslagen opning av dei nye Frivillig-lokala. Frivilligsentralen har fått tatt i bruk det gamle legekontoret på Hosteland, og dette skal bli ein stad der folk kan møtast, prata og ha ymse aktivitetar.



Ordføraren sitt «siste klipp»  
Foto: Rune Garmann

Første del av opninga var utandørs. Folk i alle aldrar strøymde til frå alle kantar. Nordbygda skulekorps serverte feiande friske marsjar før avtroppende ordførar Karstein Totland stod for den offisielle opninga med snorklipp. Så trekte alle innandørs til det gamle venterommet. Her vart det felemusikk. Magnar Nordli trakterte fela på ein meisterleg måte og spelte fleire slåttar til eit lyttande publikum.

Torhild Torsvik Størkersen helsa frå kommunen, og fortalte litt om prosessen fram mot å få Frivilligsentral i Masfjorden. Deretter fortalte dagleg leiar Kristin Kvamme Rasch om sine tankar rundt Frivilligsentralen, og kva mål ho har for arbeidet. - Eg ønskjer at Frivilligsentralen blir eit bindeledd mellom lag og organisasjonar og kommune, og eg ser fram til at dette lokalet blir ein god møteplass for alle, sa ho.  
- Frivillig arbeid er limet i samfunnet vårt.

Avslutningsvis vart det servert kaker og kaffi, og praten var god.

Så gjekk alle kvar til sitt, og hadde sikkert mange tankar i hovudet om kva dei kunne bidra med som frivillig. Det er enno ikkje 100% fastlagd når dørene vil vera opne i Frivillig-lokalet. Dette vil dagleg leiar informera om med det første. Det vert arbeidd med planlegging slik at helselag, pensjonistlag, ungdom og alle andre i samråd med dagleg leiar kan disponera og styra lokalet til faste tider.

Tekst: Jo Ronald Mjanger  
Foto: Sigrun Haugsdal Reknes



# SPENSTIGE KONSERTAR MED DISTRIKTSMUSIKARANE



Konserten

"Dar kjem Dampen" **JULESPECIAL**

Av og med Linda Fosse  
Norges første Mediaprisvinner

No vert da andre bollar!

Bli med på ei musikalsk jorjulsreisa tilbake til ei tid der juletrea var ekte, ungane visste kva ein kandisklump var og papen kom heim til Jul! Kjente og kjære songar av Ivar Medaa, Johannes Kleppvik og Salhuskvintetten m.fl. får deg i julestemning.

Onsdag 6.des. kl.16.00 Masfjorden sjukeheim

HØG ALLSONGFAKTOR !

Arr. Masfjorden Kommune

I Vestland fylke har ein ei ordning med distriktsmusikarar. Dei har som jobb å halda konsertar, kurs, seminar, undervisning og elles delta på representasjonsoppdrag i samband med opningar, høgtider, jubileum, og i tillegg samarbeida med det frivillige kulturlivet.

Johanne Mjøs (feler) og Ingrid Sørheim (torader) er nytilsette distriktsmusikarar med base på Voss, og på opningsturnéen deira la dei turen innom Masfjorden. Med seg hadde dei Kristian Wolski på strengeinstrumentet cittern.

Saman presenterte dei to fantastisk friske, vakre og livlege konsertar i samband med seniorsamlinga i skulehuset på Nord-Kvingo og på sjukeheimen. Det var nesten ikkje til å tru at denne gruppa berre hadde spelt saman ei lita tid, for her var det førsteklasses samspel og musisering på øvste nivå. Og den energifylte musikken fall verkeleg i smak hjå publikum. « Tenk at me får slike kvalitetskonsertar og slike opplevingar her hjå oss», sa ein av dei kring 35 tilhøyrarane i skulehuset etter konserten.

«Eg er heilt varm etter dette! Håra reiste seg  
på armen min!»

Etter konserten vart det servert fårikål før musikarane reiste vidare til Eldrekaféen på sjukeheimen. Her hadde kring 40 publikummarar benka seg, og det tok ikkje lang tid før godfoten trampa med i musikken til dei dyktige og humørfylte musikarane. Dufta av nybakte eplekaker fylte lokalet, og etter at Haldis Ulvatn på vegne av Eldrekaféen hadde takka varmt for denne eineståande musikkopplevelinga vart det servert eplekake og kaffi til dei frammøtte.

Tekst og foto: Frank Kvinge

# POPULÆRT TILBOD I KULTURSKULEN



I haust har ei gruppe på åtte kulturskuleelevar svinga penselen og skapt flotte måleri. «Visuell kunst» heiter tilbodet. Etter haustferien har det vore tid for toving. I løpet av skuleåret skal gruppa ha to bolkar med teikning& måling og to bolkar med toving.

Lærarar er Anne Marit Palmer og Åse Tyse Dåe Midtbø. Kunstverka som til no er laga er utstilte på biblioteket.

Framover mot jul er det toving i fokus. Eg var med på den første økta. Når eg kjem inn i lokalet har lærar Åse klargjort arbeidsplassar til elevane med håndkle og plastdukar ved kvar pult. Eit plastbeger står klart. Dette skal nyttast når ulla er klar til å tovast. Rundtom står det fleire sekkar med ull i alle fargar.

På eit bord litt lenger borte har Åse laga til ei inspirasjonssamling der ulike produkt i ulike teknikkar og former er utstilte. Elevane studerer og let seg imponera av alt det vakre og fargerike.

Så er dei i gang. Åse fortel roleg om dei ulike ulltypane og om korleis ein skal starta arbeidet. Alle får i oppgåve å laga ein ullball. Dei får utlevert kvit ull, filtnåler og ein glassfiberklosse. Dei pakkar ulla og stikk nåla inn i ulla mange ganger, og slik vert ulla pakka godt saman. Elevane pratar om laust og fast medan dei



bearbeider ulla og snart har alle flott forma ullballar framfor seg.

Men kva skal dette bli? « Eg vil laga eit jordbær» seier ein. « Det er snart Halloween, så eg vil laga eit mini-graskar», seier ein annan. « Eg trur eg skal laga ein regnbogeball, seier ein tredje. «Går det an å laga ein fugl, spør ein. « Ja, men då må me strekka kroppen litt før me går vidare.

Så finn dei seg ull i ulike fargar og startar arbeidet med å stikka fargane inn i ballen.

Korleis resultatet vart? Det ser du på biletet under! I tillegg til ymse tredimensjonale produkt har alle elevane tova eit bilet.

Utstillinga er å sjå på biblioteket framover.



Tekst og foto: Frank Kvinge

# GLIMT FRÅ EI ANNA TID



Av Dagfinn Sleire har Masfjorden kommune fått mange biletet frå gamle dagar. Me presenterer to av dei her. Det øvste biletet er frå Bukkedalen og viser budeiene i arbeid med mjølking. Det nedste biletet viser osteproduksjon i Hyttemarka. Me veit at det er Gudrun Areklett som mjølkar, men kven er dei andre på biletet?

# VENNER PÅ VEGEN

På Matre skule var me så heldige å få ordna eit besøk av «Venner på vegen». Noko som passa godt, sidan Masfjorden kommune no er godkjend som trafikksikker kommune. Skulen har også ekstra fokus på dette. «Venner på vegen» er eit tilbod Noregs lastebileigarforbund har. Då kom det to hyggelege menn, Jan Ove og Martin, til oss. Martin hadde med seg ein flott lastebil av merket Mercedes. (Noko som gjorde at lastebilinteresserte born kunne diskutera funksjon, og ikkje minst kva merke som er best – fin bonus.)

Denne undervisningsøkta starta med teori inne for 1.-4.klasse. Her rulla Jan Ove ut eit bilteppe, og demonstrerte korleis fotgjengarar, og store bilar kan ta omsyn til kvarandre. Duplo og leikebilar vart flytta i forhold til kvarandre. Elevane var lydhøye og engasjerte, og hadde også gode spørsmål.

Då me kom ut, fekk me oppleva og læra om blindsoner rundt lastebilen. Dette overraska mange, me måtte ta svært mange steg (meter) vekk frå køyretøyet, før sjåføren såg oss. Elevane fekk også komma inn og sitja i lastebilen, det var kjekt.

Då «Venner på vegen» var her nytta me sjansen til å invitera bort dei eldste i barnehagen for å sjå på og sitja i lastebilen. Spanande! 5.-7.klasse fekk også ei undervisningsøkt tilpassa deira alder. Både små og store lærte mykje. Ser du ein lastebil og skal kryssa fotgjengarfeltet? Stopp, sjå og vink. Vinkar han attende, ser sjåføren deg, og det er tryggare å kryssa.

Takk for ein annleis og interessant dag!

Tekst og foto: Silje V Kjetland



## FAMILIEJULEBORD

Kvart år brukar det å vera ribbefest for vaksne på Nordbygda samfunnshus.

I år var det Mollandseid krins som arrangerte, denne gangen med ny vri; Familiejulebord!

Dette var stor suksess, vel 165 bygdefolk stilte til julemat, åresal og juletregang. Her har Mollandseid krins verkeleg truffe blink!

Tekst og foto: Sigrun Haugsdal Reknes



# KOMMUNESTYRET 2019 - 2023



**Ordførarskifte etter 12 år**

F.v.: Ny ordførar, Erlend Kvamsdal saman  
med tidlegare ordførar, Karstein Totland



Framme f.v.: Geir Egil Haugsvær, Wenche Dåe, Laila Furebotn  
Karstein Totland, Svein Helge Hofslundsengen (rådmann),  
Torill Torsvik Størkersen, Erlend Kvamsdal, Britt Inger Myhr,  
Hildegunn Bjånes

Bak f.v.: Jostein Duesund, Bjarte Dyrkolbotn (vara), Stian Søvik (vara),  
Ragnvald Tangedal, Arne Hindenes, Frode Langhelle,  
Helga Nyhavn Matre (vara) Kariann Ekren, Siri Tangedal Kratzmeier

# KOMMUNESTYRET 2023 - 2027

## Formannskapet, kraftfondstyret, administrasjonsutvalet

Erlend Kvamsdal (H),  
Geir Egil Haugsvær (Sp)  
Torill Torsvik Størkersen (Ap),  
Ørjan Daae (FrP)  
Kariann Ekren (H)

- 1.vara: Stian Søvik (Sp)
- 2.vara: Sigrun Haugsdal Reknes (H)
- 3.vara: Mariann Fløtre Andvik (Ap)
- 4.vara: Svein Bjarte Fredheim (FrP)
- 5.vara: Bjarte Andvik (H)
- 6.vara: Aina Sleire (Ap)
- 7.vara: Vebjørn Haugsdal (H)

## Kontrollutvalet

leiar: Ragnvald Tangedal (Ap)  
nestleiar: Tove Kristin Sleire Tistel (V)  
Gunnar Andvik (H), Wenche Dåe (Sp)  
Torstein Myrvang-Rørvik (FrP),

- 1.vara: Berit Lygre (Ap)
- 2.vara: Alf Magnar Strand (V)
- 3.vara: Ivar Sleire Tenjum (H)
- 4.vara: Rigmor Søvik (Sp)
- 5.vara: Janne Judith Kvamsdal Sandnes (FrP)



Framme f.v.: Svein Bjarte Fredheim, Rigmor Søvik, Geir Egil Haugsvær,  
Erlend Kvamsdal, Vebjørn Haugsdal, Sigrun Haugsdal Reknes, Veronika  
Hjartholm, Torill Torsvik Størkersen, Marianne Fløtre Andvik,  
Bak f.v.: Ørjan Daae, Stian Søvik, Ragnvald Tangedal, Alf Strand (vara),  
Gunnar Andvik, Svein Helge Hofslundsengen (rådmann), Helga Nyhavn  
Matre, Kariann Ekren, Aina Sleire

Tekst: Sigrun Haugsdal Reknes

Foto: Sigrun Haugsdal Reknes/Sveinung Toft

# “TOUR DE MASFJORDEN” MED KULTURSKULEN

-Å, dette var såå kjekt, dette må me gjera meir av, kan me ikkje ta ein runde i nabokommunane, og? Eller spela konserten på kveldstid, slik at alle kan koma å høyra?

Stemninga var høg i elevgruppa frå kulturskulen som hadde vitja skulane i Masfjorden med konsertar denne fredagen. Tre konsertar på ein skuledag. Rigging, framføringar, nedrigging,

forflytning mellom skulane, mat innimellom, lang øvingsøkt kvelden før. Intenst!

Går ein tilbake i kulturskulen si meir enn 40 år lange historie, så hugsar ein at det å reisa på turné til skulane var «det store» i mange år. Endå til reiste kulturskulen med kulturprogram til universitet og høgskular både i Bergen og Sogndal som gode ambassadørar for å prøva å lokka lærarar til Masfjorden!



No er dette lenge sidan, men kulturskulelærarane ønskte å ta oppatt denne gode tradisjonen. Difor vart det planlagt turné. Det vart sett saman ei gruppe med 12 elevar. Saman med lærarane sine har dei nytta den siste tida til å øva inn eit konsertprogram for skulane. Og programmet såg ut til å falla i smak, for stemninga på dei tre skulane var direkte god under konserten. Michael Jackson sin Bad med trøkk og kraftfull blåserekke opna konserten, og sette standaren for det som skulle koma. Gamle og nyare pop-låtar som Mamma Mia og Snap vart presenterte med overbevisning av heile ensemblet. Filmmusikk frå The Snowman vart vakkert framført med Clara som song-solist. Jenny Sofie på piano trollbatt alle med si nydelege tolking av River flows in you. Embla sto trygt fram heilt åleine med seg, si stemme og gitaren i July. Otilie, Sanna og Nora Kristine på kornett og tuba serverte ei original framføring av Over the rainbow der å spela inn i sjalstykket/tuten på tubaen gav spesiell lydeffekt. Musikantane hadde fleire roller og mellom innsлага flytta dei seg raskt, elegant og «sjølvsagt» frå eitt instrument til eit anna.

Og dei strålte! I tillegg til dei som er nemnd; Madelein på gitar, song og euphonium, Håvard på gitar, Hasan på tangentar, Ben George på gitarar, Lars Manfred på slagverk, og Sofie på

song og perkusjon. Lærarane Siri, Kristin, Jon Martin, Åsmund og Anne Merethe.

Avslutningsnummeret var Optimist av Jahn Teigen, med innlagt Masfjordmeisterskap i allsong. Sjeldan har vel songen vore meir kraftfull og fyldig i gymsalane på dei tre skulane når skuleelevar, lærarar og andre song refrenget for full hals saman med bandet, så det var nok ikkje nokon lett jobb for juryen å kåra ein vinnar her.

I dette prosjektet har ein opplevd elevar som sprudlar og elskar å stå på ei scene, som elskar utfordringar, som er tilpasningsdyktige og fleksible til å møta alle utfordringar som måtte koma i eit slikt prosjekt med kort innøvingstid. Ein har opplevd lærarar som utfyller kvarandre på ein utruleg fin måte, som stråler, som ordnar opp, som deler, som tek ansvar, som heier fram elevane, som inspirerer og gir av seg sjølv, som støttar og som ser!

Her er det læring på mange plan.

Det blir garantert fleire kulturskuleturnéar!

Tekst og foto: Frank Kvænge, kulturskulerektor



Og lurer du på kva juryen kom fram til?

Tekst: Frank Kvinge, kulturskulerektor  
Foto: Anne Merethe Reknes, kulturskulelærar

#### Vinnrar:

Song med best innleving: Matre skule  
Den mest kraftfulle songen: Sandnes skule  
Den vakraste songen: Nordbygda skule

## ARRANGEMENT OG KULTURAKTIVITETAR

Torsdag 23.11	Kulturskulekonsert& utstilling kl. 11.50,Nordbygda skule
Fredag 24.11	Quiz-kveld i Kinosalen, Matre kl. 20.00
Laurdag 25.11	Byttemarknad Sandnes skule kl. 12.00-14.00
Fredag 01.12	Lysfest, Skulehuset Nord-Kvingo kl. 17.00
Laurdag 02.12	Julekråna på Little Sleire 9.2 kl. 12.00-16.00
Laurdag 02.12	Fakkeltog og julelønntening på Frøyset frå kl. 17.00
Laurdag 02.12	Atelier Treskhuset på Sleire ope kl. 11.00-16.00
Søndag 03.12	Julemesse, Nordbygda skulekorps Nordbygda skule kl. 13.00-16.00
Søndag 03.12	Julemesse Sandnes skulemusikk Sandnes skule kl. 15.00-18.00
Søndag 03.12	Julekonsert med Lars m/venner i Kinosalen på Matre kl. 18.00
Onsdag 06.12	Konsert/Juleforestilling med Linda Fosse, Masfjorden sjukeheim kl. 16.00
Laurdag 09.12	Julekonsert Sandnes kyrkje kl. 17.00 Kor, korps m.fl
Søndag 10.12	Julekonsert Frøyset kyrkje kl. 15.00 Kor, korps m.fl
Søndag 10.12	Julekonsert Solheim kyrkje kl. 18.00 Kor, korps m.fl
Tysdag 12.12	Julekonsert, Masfjorden sjukeheim kl. 17.00 Kor, korps m.fl.



Sjå lokal annosering for meir informasjon.



## KONTAKTINFORMASJON TIL KOMMUNEN

Telefon: 56 16 62 00

Epost: [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)

Post- og besøksadresse:  
Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

[www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no)



## ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

[sveinung.toft@masfjorden.kommune.no](mailto:sveinung.toft@masfjorden.kommune.no)  
[frank.kvinge@masfjorden.kommune.no](mailto:frank.kvinge@masfjorden.kommune.no)  
[mary.hope@masfjorden.kommune.no](mailto:mary.hope@masfjorden.kommune.no)  
[sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no](mailto:sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no)

[torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no)  
[eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no)  
[tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no)

Formgjeving: Mary Hope

## FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending  
10 dagar etter fristen:  
30. januar, 12. mars, 28. mai

Notér dato i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

*Me øyskjer dykk alle  
ei fredfull og god jul!*

## KONTAKTINFORMASJON TIL KYRKJA



Tlf. 56 16 62 61  
e-post: [post@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:post@kyrkjaimasfjorden.no)

Kyrkjeverje: Eli Eidsnes  
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515  
epost [kyrkjeverja@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:kyrkjeverja@kyrkjaimasfjorden.no)

Sokneprest: Torbjørn Sæle  
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685  
e-post: [torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no)

Trusopplærar:  
Tina Meland Lønnebakken  
Tlf.: 56 16 62 62/936 85 071  
e-post:  
[tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:tina.meland.corneliussen@kyrkjaimasfjorden.no)

Konfirmantarbeidar:  
Ingrid Helene Raunehaug  
Tlf.: 416 10 191  
e-post:  
[ingrid.helene.raunehaug@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:ingrid.helene.raunehaug@kyrkjaimasfjorden.no)

Organist:  
Boris Kuprijanov  
Tlf. 920 60 993  
e-post: [kuprbor@gmail.com](mailto:kuprbor@gmail.com)

Kyrkjegardsarbeidar:  
Remi Kallekleiv Tlf. 941 43 716

[www.masfjorden.kyrkja.no](http://www.masfjorden.kyrkja.no)  
Vipps Masfjorden sokn: 620513